

KOMMISJONSVEDTAK

2001/EØS/57/31

av 7. januar 1998

om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket til mjukpapir(*)

(98/94/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR –

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske
fellesskapet,

med tilvising til rådsforordning (EØF) nr. 880/92 av 23. mars
1992 om en fellesskapsordning for tildeling av miljømerke⁽¹⁾,
særleg artikkel 5, og

ut frå desse synsmåtane:

Etter artikkel 5 i forordning (EØF) nr. 880/92 skal vilkåra for
tildeling av fellesskapsmiljømerket fastsetjast for kvar
produktgruppe.

I artikkel 10 nr. 2 i forordning (EØF) nr. 880/92 er det fastsett
at den innverknaden som eit produkt har på miljøet, skal
vurderast ut frå dei særskilde kriteria for produktgruppene.

Kommisjonen har ved vedtak 94/924/EF⁽²⁾ og 94/925/EF⁽³⁾
fastsett miljøkriterium for tildeling av fellesskapsmiljømerket
til toalettpapir og tørkerullar som etter artikkel 3 i det nemnde
vedtaket skal gjelde fram til 14. november 1997.

Det bør gjerast eit nytt vedtak der det vert fastsett særskilde
miljøkriterium for desse produktgruppene som skal gjelde i eit
nytt tidsrom på tre år rekna frå det tidspunktet då dei førre
kriteria slutta å gjelde.

Dei kriteria som vart fastsette ved vedtak 94/924/EF og
94/925/EF, bør reviderast, slik at det vert teke omsyn til
marknadsutviklinga.

Dei miljøkriteria som gjeld for toalettpapir, tørkerullar og
andre typar mjukpapir, bør samlast i eitt dokument.

Etter artikkel 5 i forordning (EØF) nr. 880/92 skal òg dei
særskilde miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket
for kvar produktgruppe og tidsrommet som dei skal gjelde for,
fastsetjast etter framgangsmåten i artikkel 7, etter at den
samrådsordninga som er nemnd i artikkel 6, er avslutta.

I samsvar med artikkel 6 i forordning (EØF) nr. 880/92 har
Kommisjonen rådspurt dei viktigaste interessegruppene i eit
samrådsforum.

Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med
fråsegna frå det utvalet som er oppnemnt i medhald av artikkel
7 i forordning (EØF) nr. 880/92 –

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Produktgruppa «mjukpapir» (heretter kalla «produktgruppa»)
vert definert på følgjande måte:

«Ark eller rullar av papir som er meint for personleg
hygiene, oppsuging av væsker og/eller reingjering av
skitne overflater. Mjukpapiret er vanlegvis sett saman av
kreppa eller prega papir i eitt eller fleire lag. Produkt-
gruppa omfattar ikkje laminerte papirprodukt.»

(*) Denne fellesskapsrettsakta, kunngjort i TEF L 19 av 24.1.1998, s. 77, er
nemnd i avgjerd i EØS-komiteen nr. 20/2001 av 23. februar 2001 om
endring av vedlegg XX til EØS-avtala (Miljø), sjå EØS-tillegget til Tidend
for Dei Europeiske Fællesskapa nr. 22 av 26.4.2001, s. 17.

⁽¹⁾ TEF L 99 av 11.4.1992, s. 1.

⁽²⁾ TEF L 364 av 31.12.1994, s. 24.

⁽³⁾ TEF L 364 av 31.12.1994, s. 32.

Artikkel 2

Den innverknaden som den produktgruppa som er definert i artikkel 1, har på miljøet, skal vurderast ut frå dei særskilde miljøkriteria som er førde opp i vedlegget.

Artikkel 3

Definisjonen av og dei særskilde miljøkriteria for produktgruppa skal gjelde frå 1. januar 1998 til 31. desember 2000.

Artikkel 4

For administrative føremål vert produktgruppa tildelt kodenummeret «004» av Kommisjonen.

Artikkel 5

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 7. januar 1998.

For Kommisjonen

Ritt BJERREGAARD

Medlem av Kommisjonen

VEDLEGG

MÅLSETJING

For at mjukpapir skal kunne tildelast miljømerket, må det stette kriteria i dette vedlegget, som har som mål å

- **redusere utslepp av giftige eller på andre måtar ureinande stoff i vatn,**
- **redusere miljøskadar eller -risiko som følge av energiforbruk (global oppvarming, forsuring, utarming av ressursar som ikkje kan fornyast) ved å minske utsleppa i lufta,**
- **fremje skyldnaden til å innsjå at det er naudsynt å nytte gode forvaltingsprinsipp for å verne skogane,**
- **avgrense avfallsmengda og fremje effektiv bruk av avfall.**

Det fiberhaldige råstoffet til papirproduksjonen skal vere papirmasse som er framstilt av plantefibrar eller papiravfall, eller blandingar av dette. Alle nye fibrar skal stamme frå regionar der det vert praktisert berekraftig skogsforvaltning.

Kriteria er fastsette på eit nivå som fremjar tildeling av miljømerket til produkt som er framstilte av attvunne fibrar, men tillèt òg produkt som er framstilte av nye fibrar ved hjelp av teknikkar som svarar til dei strengaste miljøstandardane.

Miljøkriterium

1. Utslepp i vatn og i lufta

- i) Verknaden til produktet med omsyn til parametrane KOF, AOX, CO₂ og SO₂ skal uttrykkjast som lastpoeng i høve til ein referanseverdi (som vert kalla «koeffisienten» for kvar parameter).

Tabell 1

Koeffisientar og terskelverdiar for utsleppsparametrar

	Koeffisientar (C), kg/ADT ⁽¹⁾ papir	Terskelverdiar (H), kg/ADT ⁽¹⁾ papir
1. Utslepp av organiske stoff i vatn (KOF)	C1 = 15	H1 = 40
2. Klorerte organiske stoff (AOX)	C2 = 0,2	H2 = 0,5
3. Karbondioksid (CO ₂)	C3 = 1 500	H3 = 3 750
4. Svoveldioksid (uttrykt som S)	C4 = 1,0	H4 = 2,5

(1) ADT = air dried tonne (lufttørka tonn)

- ii) Lastpoenga, L, vert rekna ut slik likning 1 viser. Det faktiske utsleppet for kvar parameter bør dividerast med den tilsvarande koeffisienten for denne parameteren.

$$L_i = (\text{utslepp av parameteren } i) / C_i \text{ (likning 1)}$$

- iii) Den samla summen av lastpoeng, P, vert rekna ut ved hjelp av likning 2 ved å summere lastpoenga for kvar parameter.

$$P = L_1 + L_2 + L_3 + L_4 \text{ (likning 2)}$$

- iv) Dersom utsleppa av parametrane KOF, AOX, CO₂ og SO₂ for eit produkt er større enn dei verdiane som er oppførde som grenseverdiar i tabell 1, kan produktet ikkje tildelast miljømerket.

- v) **For å oppnå miljømerket må den samla summen av lastpoeng (P) ikkje overstige 4 poeng.**

2. Skogsforvaltning

Det skal leggjast fram ei fråsegn, eit dokument, eit regelverk eller ei stadfesting som skal gjelde for operatørar med ansvar for å forvalte skogane der fibrane kjem frå, og som skal sikre gjennomføringa av prinsipp og tiltak med sikte på å tryggje ei berekraftig forvaltning av skogane⁽¹⁾.

For skogane i Europa skal dei førnemnde prinsippa og tiltaka svare til dei retningslinjene for berekraftig skogsforvaltning som vart vedtekne innanfor ramma av konferansen om vern av skogane i Europa (Helsinki, 1993). Utanfor Europa skal dei svare til dei prinsippa for skogsforvaltning som vart vedtekne under konferansen til Dei sameinte nasjonane om miljø og utvikling (UNCED) (Rio de Janeiro, juni 1992), og eventuelt til dei kriteria eller retningslinjene for berekraftig skogsforvaltning som er vedtekne innanfor ramma av internasjonale og regionale initiativ (Den internasjonale organisasjonen for tropisk tømmer (ITTO), Montreal-prosessen, Tarapoto-prosessen, UNEP-/FAO-initiativet for tørre område i Afrika).

3. Minst mogleg fast avfall

Alle produsentar av papirmasse, papir og foredla mjukpapirprodukt skal ha ei ordning for handsaming av avfall og restprodukt frå produksjonsanlegga. Ordninga skal dokumenterast eller gjerast greie for i søknaden og minst innehalde opplysningar på følgjande punkt:

- framgangsmåtar for sortering og bruk av materiale frå avfallsstraumen som kan attvinnast,
- framgangsmåtar for attvinning av materiale til annan bruk, t.d. forbrenning for å skaffe damp til produksjonsprosessen,
- framgangsmåtar for handsaming av farleg avfall⁽²⁾.

4. Dugleik

Produktet skal vere eigna til den påtenkte bruken.

Forbrukarinformasjon

Emballasjen til produktet skal vere påført følgjande opplysningar:

Dette produktet er tildelt fellesskapsmiljømerket fordi

- det medverkar til å minske vassureining, global oppvarming, avfallsmengd og forsuring,
- det medverkar til å verne skogane.

For å gjere forbrukarinformasjonen meir utfyllande kan produsenten dessutan opplyse om innhaldet av attvunne fibrar i prosent.

Teknisk tillegg

Definisjonar og prøvingskrav

Alle utsleppsparametrar

Målingane eller massebalansen skal ta utgangspunkt i produksjonen i eit tidsrom på tolv månader. Dersom det dreier seg om eit nytt eller ombygd produksjonsanlegg, skal målingane ta utgangspunkt i minst tre etterfølgjande månader med stabil drift av anlegget. Målingane skal vere representative for det aktuelle tidsrommet.

Dersom eit produkt er framstilt av ulike papirmassekvalitetar, skal utsleppsverdiane for produksjonen av papirmasse reknast ut som vegne gjennomsnitt av all papirmasse som er nytta. Dei samla utsleppsverdiane skal reknast ut ved å leggje saman utsleppa frå produksjonen av papirmasse og utsleppa frå produksjonen av mjukpapir.

⁽¹⁾ Krevst ikkje for 100 % attvunne papir eller for produkt framstilte av fibrar som ikkje er frå tre.

⁽²⁾ Slik det er fastlagt av reguleringsstyresmaktene i staten der handsaminga finn stad.

Dersom ein papirmasse- eller papirprodusent framstiller fleire ulike produkt ved det same anlegget, kan utsleppa delast inn etter kvart enkelt produkt. Ei slik inndeling gjer det mogleg å skilje mellom framstillinga av eit produkt som er tildelt miljømerket, og framstillinga av andre produkt. Ei slik inndeling skal dokumenterast godt ved tekniske målingar og vurderingar.

Målingar av utslepp i vatn skal gjerast på prøver som ikkje er filtrerte og ikkje dannar botnfall, anten etter handsaming i anlegget eller etter handsaming ved eit offentleg reinseanlegg. Prøvingar av KOF og AOX skal utførast av uavhengige prøvingsinstitutt eller godkjende laboratorium. Laboratoria til produksjonsanlegga kan òg nyttast dersom dei lokale styresmaktene som har ansvaret for drifta ved og utsleppa frå anlegga, godkjenner dei anleggsinterne prøvingsprogramma. I slike høve skal søkjaren leggje fram dei rapportane som er utarbeidde for styresmaktene, på det vilkåret at dei stettar krava i dette tekniske tillegget.

Kjemisk oksygenforbruk (KOF)

KOF skal målast i samsvar med ISO-standard 6060 eller tilsvarende standardar.

Prøvingane skal utførast minst ein gong i månaden.

Adsorberbare organiske halogen (AOX)

AOX skal målast i samsvar med ISO-standard 9562 eller tilsvarende standardar.

Prøvingane skal utførast minst ein gong i månaden. Dersom prøvingane vert utførde over eit kortare tidsrom enn éitt år, skal dei utførast minst over eit tidsrom på tre månader. Det krevst ingen målingar av AOX dersom det ikkje vert nytta klorhaldige kjemikalier.

Karbondioksid, CO₂

Søkjaren skal leggje fram ei oversikt over utsleppa av karbondioksid i lufta. Oversikta skal omfatte alt brensel som ikkje kan fornyast, og som vert nytta ved anlegga i produksjonen av papirmasse og papir, og skal òg omfatte innkjøpt elektrisitet. CO₂-ekvivalentar for energiforbruket ved anlegga er oppførde i tabell 2.

Tabell 2

CO₂-ekvivalentar for brensel som ikkje kan fornyast

Brensel	CO ₂ -utslepp	Eining
Kol	95	g CO ₂ /MJ
Råolje	73	g CO ₂ /MJ
Brennolje 1	74	g CO ₂ /MJ
Brennolje 2-5	77	g CO ₂ /MJ
Bensin	69	g CO ₂ /MJ
Naturgass	56	g CO ₂ /MJ
Elektrisitet frå nettet ⁽¹⁾	400	g CO ₂ /kWh

⁽¹⁾ Europeisk gjennomsnitt

Svovel

Søkjaren skal leggje fram ei oversikt over utsleppa av svovel i lufta. Oversikta skal omfatte alle utslepp av svovel som skjer under produksjonen av papirmasse og papir, bortsett frå utslepp i samband med produksjon av elektrisitet til distribusjon over nettet. Målingane skal femne om attvinningskjelar, kalkomnar, dampkjelar og destruksjonsomnar for gassar med sterk lukt, dersom slike finst. Det skal gjerast greie for diffuse utslepp frå ukjende kjelder.

Skogsforvaltning

Papirmasseprodusenten skal dokumentere skriftleg at fibrane som vert nytta til produksjon av mjukpapir, anten er attvunne eller framstilte av nye fibrar som stammar frå skogar som vert forvalta i samsvar med dei førnemnde prinsippa og kriteria.

Avfallshandtering

Søkjaren skal leggje fram eit dokument der det er gjort greie for framgangsmåtane for handtering av avfall og reststoff frå dei ulike stadia i produksjonen av papirmasse og papir, i samsvar med dei førnemnde krava.

Dugleik

Søkjaren skal leggje fram prov på at produktet er eigna til den påtenkte bruken. Slike prov kan omfatte resultat frå prøving som er utført etter passende ISO- eller CEN-prøvingsmetodar, men kan òg omfatte anleggsinterne prøvingsmetodar. Nærmare opplysningar om framgangsmåtane for prøvinga skal leggjast ved søknaden.
